



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 17/2786-17

## **Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2016 - rapport**

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:  
Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Rapport etter gjennomgang av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2016 vert teken til etterretning.

### **Vedlegg:**

- Rapport etter stikkprøvekontroll av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2016

### **Andre relevante dokument i saka:**

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Kontrollutvalet legg årleg fram ei sak til fylkestinget om desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala.

Handsaming av saka er basert på ein stikkprøvekontroll av møtebøker og saker som er protokollert med siktet på å få gjennomført kontroll av:

- om vedtaket i den enkelte sak er gjort av eit organ med fullmakt til å gjere slikt vedtak
- om vedtaket er i samsvar med norsk lov, eventuelle andre relevante regelverk
- om vedtaket er i samsvar med budsjettvedtak, formål og om det er innanfor rammene av vedtak i fylkestinget

Det er sekretariatet for kontrollutvalet som har gjennomført stikkprøvekontrollen og skrive rapporten. Vurderingane i samband med kulepunktene er utført av Advokat Kjetil Kvammen slik at kravet til juridisk kompetanse er stetta. I tillegg er ein også sikra at sekretariatet ikkje gjennomfører revisjonshandlingar med denne framgangsmåten. Val av advokat Kvammen vart gjort etter ein konkurranse med to andre advokatkontor.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

### Gjennomførde møte i 2016.

Det var i 2016 gjennomført 66 møte og handsama 358 saker fordelt på fylkesutvalet, planutvalet, finansutvalet, fylkesutvalet, fylkesutvalet som klagenemnd og dei forskjellelege hovudutvala. 226 av desse vedtaka er endelege vedtak. Sakene fordelte seg slik:

Fylkesutvalet:	27.1 – 02.03 – 13.04 – 18.04 – 04.05 – 27.05 – 01.06 – 22.06 – 06.07 – 03.08 – 09.08 – 22.08 – 23.08 – 24.08 – 28.09 – 17.10 – 20.10 – 02.11 – 23.11 – 05.12 – 06.12, i alt 21 møte. Tal saker som har vore handsama i perioden: 139, derav 80 saker med endeleg vedtak.
Fylkesutvalet som klagenemnd:	27.01 – 02.03 – 01.06 – 13.06 – 23.08 – 17.10 – 23.11 – 05.12. 8 møte og 16 saker, der alle sakene har endelege vedtak.
Fylkesutvalet som planutval:	22.06 – 23.11, 2 møte og 4 saker.
Fylkesutvalet som finansutval:	27.01 – 02.03 – 04.05 – 28.09 – 17.10 – 02.11, i alt 6 møte og 6 saker.
Hovudutval for opplæring:	23.02 – 30.03 – 12.04 – 12.05 – 31.05 – 31.08 – 27.09 – 26.10 – 22.11, i alt 9 møte Tal saker som har vore handsama i perioden: 36, derav 18 med endeleg vedtak.
Hovudutval for samferdsle:	09.02 – 15.03 – 12.04 – 12.05 – 31.05 – 21.06 – 27.09 – 25.10 – 22.11, i alt 9 møte Tal saker som har vore handsama i perioden: 56, derav 27 med endeleg vedtak.
Hovudutval for næring og kultur:	02.02 – 15.03 – 12.04 – 12.05 – 31.05 – 21.06 – 27.09 – 25.10 – 22.11 – 09.12, 10 møte. Tal saker som har vore handsama i perioden: 101, derav 75 med endeleg vedtak.

### Bestillinga som var sendt til advokat Kvammen

#### **1. Juridisk rådgjevar blir bedt om å gjennomføre vurdering av følgjande 10 saker for å få svar på:**

- *om vedtaket i den enkelte sak er gjort av eit organ med fullmakt til å gjere slikt vedtak*
- *om vedtaket er i samsvar med norsk lov, eventuelle andre relevante regelverk*
- *om vedtaket er i samsvar med budsjettvedtak, formål og om det er innanfor rammene av vedtak i fylkestinget*

#### **Saker:**

##### Fylkesutvalet:

- ✓ Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling PSA-fordeling I, sak 12/2016
- ✓ Budsjett 2016 – Fylkesrådmannen sine fullmakter i høve plansjefstillinga, sak 37/2016
- ✓ Tildeling av støtte frå fylkeskommunalt ENØK-fond 2016, sak 44/2016
- ✓ Sal av ballbinge Aurland og kjøp av naust Opplysningsvesenets fond, sak 83/2016
- ✓ Strategisk plan for kysten – vedtak av planprogram, sak 112/2016

Hovudutval næring og kultur:

- ✓ Prioriteringar for tildeling av kulturmiddlar 2016, sak 3/2016
- ✓ Omstettingsstatus og omstillingsløyvingar 2016, sak 11/2016
- ✓ INU-FSF – Handlingsplan 2016 og årsrapport 2015, sak 36/2016

Hovudutval for opplæring:

- ✓ Plan for kompetanseutvikling i vidaregående opplæring, sak 7/2016

Hovudutval for samferdsle:

- ✓ Søknad om ruteløyve Flåm – Gudvangen, Lustrabaatane, sak 11/2016

Rapporten

Det vart ikkje avdekkja avvik i nokon av dei utvalde sakene som advokat Kvammen vurderte. Kvammen har rett nok stilt spørsmål ved eit par av vedtaka, men konkluderte med at vedtaka var i samsvar med gjeldande lover og reglar, og at vedtaka var gjort av organ med fullmakt til å gjere vedtaka.

Fylkesrådmannen sin uttale

Fylkesrådmannen fekk rapportutkast til høyring. Fylkesrådmannen kommenterte eit par av advokat Kvammen sine vurderingar, men var ikkje usamd i konklusjonane frå advokaten.

**3. Konklusjon**

Det vart ikkje påpeika avvik i vedtaka som vart gjennomgått i stikkprøvekontrollen.